

Møte i Samarbeidsutvalet for Nordhordland

Referat

Møtetid	Tysdag 21.09.2021, kl 11:00 – 14:00.
Stad	Helsehuset, Knarvik
Til stades	Tord Moltumyr (Alver), Geir Lien (HB), Leni Dale (Alver), Kjerstin Fyllingen (HDS), Ove Sæbø, (Modalen), Evy Knutsen (Brukarutvalet HDS), Liv Berit Haukås (Fagforbundet), Oddvin Neset (Masfjorden), Grete Lill Hjartnes (SSE), Silje Strand Skauge(NSF), Elena Sandgathe (SSE) og Anne Hildegunn Færøy (SSE). Rebekka Ljosland (HDS), Ingebjørg Søreide (Gulen), Erling Jacobsen (vararepr. Brukarutvalet HB)
Ikkje møtt	Randi-Luise Møgster (HB), Terese Folgerø (Alver), Bente Orlèn Westervik (Brukarutvalet HB), Annika Tvedt Villanger(Fedje), Nina Kvamme (Osterøy) og Jarle Gallefoss (Austrheim)
Møteleiar	Tord Moltumyr (Alver)
Referent	Anne Hildegunn Færøy (SSE) og Elena Sandgathe (SSE)

Saksnr.	Saker
29/21	Godkjenning av innkalling og saksliste Vedtak: Innkalling og saksliste godkjent utan merknader
30/21	Formell godkjenning av referat frå møte 28.mai 2021 Møteleiar minner om den nye rutinen som samarbeidsutvala har blitt einige om, der referatet vert sendt ut til medlemmane i samarbeidsutvalet for gjennomgang og moglegheit til å komme med merknader/innspel, med ein frist på 1 – 2 veker. Etter det vert referatet sendt til postmottak i kommunane og gjort til gjengeleg på www.saman.no Vedtak: Referat frå SU-møte 28.mai 2021 er formelt godkjent utan merknader.
31/21	Val av utvalsleiar og vararepresentant for nestleiar Tord Moltumyr skal ut av utvalet, og ny utvalsleiar må veljast. Det er også behov for å velja vararepresentant for nestleiar. Samarbeidsutvalet i Nordhordland takkar Tord Moltumyr for ein svært god jobb, både som medlem og som leiar for utvalet gjennom mange år. Vedtak: Oddvin Neset, Masfjorden er valt som utvalsleiar og Ingebjørg Søreide som vararepr. for nestleiar. Begge takkar for tilliten og ser frem til å ta fatt på vervet.
32/21	Covid 19 – orientering frå koordineringsgruppa <u>Orientering om status frå koordineringsgruppa v/ Ingebjørg Søreide</u> <ul style="list-style-type: none"> - Gruppa har framleis møte kvar tysdag. Fin arena for samarbeid mellom sjukehus og kommunane, og ein god arena for nettverksbygging mellom kommunane. - God møteleiing frå Helse Bergen med opning for innspel frå kommunane, der det er lett å ta opp aktuelle saker. - Ofte er det saker av meir akutt art som vert meldt inn. Fokus i møta har endra seg frå TISK strategi til korleis opninga av samfunnet med endra beredskap skal handterast. - Det kjem mykje informasjon frå HDIR og FHI. Organisering av oppfølging av dette arbeidet er krevjande for både større og mindre kommunar. Partane har stått i dette lenge og leiar og andre tilsette er slitne. - HB: tydeleg på at dei anerkjenner og støttar kommunane. Dette er en styrke for de små kommunane.

	<ul style="list-style-type: none"> - Veggen vidar for koordineringsgruppa: det vert vurdert om gruppa frametter kan ha mindre hyppige møter. - Spørsmål knytt til dose tre: Kven skal identifisere desse pasientane? Dette er tema i dagens møte i koordineringsgruppa. Inntil 20 000 som kan vere aktuelle for dette tilbudet. Det er ikkje avklara kven som skal identifisere pasientane, korleis dei vil bli kontakta, og heller ikkje kven som skal gje vaksine. <p><u>Undervegs evaluering pandemikoordineringsgruppa pr mai 2021.</u> Rapporten var sendt til utvalet i forkant av møte. Ingen merknader til evalueringa.</p> <p>Vedtak: Samarbeidsutvalet for NH takkar for orienteringa og det gode arbeidet som pandemi-koordineringsgruppa gjer.</p>
33/21	<p>Handlingsplan 2021 Elena Sandgathe, Sse hadde ein gjennomgang av status for tiltaka i Handlingsplanen for 2021. Under gjennomgangen vart det minna på at ALIS-avtalen er sendt ut til signering. Sekretariatet ber alle kommunane vurdere å signere avtala, sjølv om kommunen ikkje har legar der ALIS er aktuelt på noverande tidspunkt</p> <p>Vedtak: Samarbeidsutvalet for NH takkar for gjennomgangen av handlingsplanen, og tar den til orientering.</p>
34/21	<p>Etablering av Helsefellesskap Møteleiar orienterte om bakgrunn og status for arbeidet med etablering av Helsefellesskap i Helse Bergen sitt opptaksområde. (sjå vedlagt PP)</p> <p>Utvalet fekk presentert hovudlinene i utkast til styringsstruktur i Helsefellesskapet, med forslag til samansetting av dei ulike nivåa. Utkastet byggjer på gjeldande overordna samarbeidsavtale, aktuelle forslag fremja i rapporten <i>Felles utviklingsplan</i> og avtalar om helsefellesskap inngått i andre føretaksområde. Partane vil få tilsendt utkast til struktur for gjennomgang og med moglegheit til å komme med innspel når versjon er klar til utsending.</p> <p>Utvalet hadde ein «runde rundt bordet» der alle fekk moglegheit til å komme med spørsmål og innspel.</p> <ul style="list-style-type: none"> - NSF og Fagforbundet spelar inn at representantar for fagorganisasjonane bør ha status som medlemmar med stemmerett, og ikkje berre som observatørar. Det må avklarast korleis representantar for dei tilsette skal utpeikast, og på kva nivå dei skal delta i strukturen. - Brukarutvalet HDS peika på at det er viktig å ha med brukarrepresentantar på alle nivå i strukturen, og at dei får reell innflytelse. Det er krevjande å vere brukarrepresentant der ein skal delta på mange ulike arenaer, og det kan vere utfordringar med å peike ut brukarrepresentantar frå kommunane. Repr. vil ta denne diskusjonen med til paraplyorganisasjonane. - Frå kommunalt hald vart det peika på at kommunane må vurdere om dei kan la seg representera av andre, særleg på eit overordna, strategisk nivå. Det må også vurderast kva som er ein hensiktsmessig representasjon, og at ein bør sjå til erfaringar frå pandemiarbeidet. Kommunane er også opptatt av å sikre brukarperspektivet i samarbeidet, at ein arbeider for at leiarar på same nivå representerer partnarane i dei ulike møtefora i strukturen. - Oppgåve- og ansvarsdelinga mellom nivåa må også vurderast. <p>Møteleiar takka for gode innspel til vidare arbeid med etablering av Helsefellesskapet. Dersom nokon har andre innspel til vidare prosess og forslag til struktur kan dette sendast direkte til medlemmer i arbeidsgruppa eller til samarbeidssekretariatet, som sender vidare til arbeidsgruppa. For å sikre betre forankring og involvering av rådmanns-/kommunedirektørnivå i kommunane er det gjennomført møte mellom HB, HDS og Rådmannsutvalet(RU) i NH. Dette var eit godt møte der ein m.a. drøfta og vart samde om vidare prosess for involvering av ulike nivå i NH kommunane. Rådmannsutvalet(RU) i NH har utpeika Ørjan Raknes Forthun, kommunedirektør i Alver som RU sin representant i arbeidsgruppa for Helsefellesskapet.</p>

	<p><u>Fastlegerepresentasjon</u> i helsefelleskapet: I avtalen mellom HOD og KS er det fastslått at fastlegar skal delta på alle nivå i samarbeidsstrukturen. <i>Veileder om fastlegers representasjon i helsefelleskap er utarbeidd.</i> Tord Moltumyr gav ei kort orientering om rettleiaren som er utarbeidd for å gje omforente tilrådingar om oppnemning, rolle og honorering av fastleger i helsefelleskap.</p> <p><u>Revidert rettleiar for avtalearbeidet</u> SSE gav ei kort orientering om pågåande arbeid med revisjon av nasjonal rettleiar for samarbeidsavtalar. Representantar frå kommunar og helseføretak i vår region har deltatt i innspelsmøter. Det er meldt at rettleiaren skal ut på ei brei høyring når utkast til ny versjon føreligg. Grunna sjukdom i Helsedirektoratet har arbeidet stoppa noko opp. SSE har fått i oppdrag frå arbeidsgruppa å følgje prosessen og vil gje innspel til gruppa når ny versjon føreligg.</p> <p>Vedtak: Samarbeidsutvalet takkar for orienteringa, og ber samarbeidssekretariatet melde innspela som har komme i møte til arbeidsgruppa.</p>
35/21	<p>Styrking av tilbudet til pasientar med rus og psykiske helseplagar(ROP) – etablering av samarbeidsstruktur Roger Atle Wæhle Kårstad, prosjektleiar i Divisjon psykisk helsevern HB orienterte om ny organisering og styrking av tilbudet til pasientar med rus og psykiske helseplager. (sjå vedlagt PP). Det er utarbeidd forslag til ny samarbeidsstruktur knytt til ROP-pasientar, der det m.a. skal etablerast ei ROP-forløpsgruppe med representantar frå samarbeidspartane. Det skal også etablerast lokale ROP-nettverk og ROP—ressursgrupper.</p> <p>Samarbeidsutvalet er beden om å utpeika representant frå kommunane i utvalsområdet til å delta i forløpsgruppa.</p> <p>Kårstad orienterte om at det er planlagt for ein felles ROP-konferanse, torsdag 25. november på Clarion Hotel Bergen Airport. DPS-råda får plassar til fordeling i dei ulike utvalsområda. Konferansen vil bli direkteoverført på nett.</p> <p>Vedtak: Samarbeidsutvalet for Nordhordland sluttar seg til framlegg til samarbeidsstruktur knytt til ROP-pasientar. Kommunane i SU NH vil be Fagrådet for psykisk helse og rus i NH utpeika representant som skal delta i forløpsgruppe ROP. Utvalsleiar og sekretær følgjer dette opp og melder tilbake innan fristen.</p>
36/21	<p>Forløpsgruppe psykose - deltaking frå kommunane Geir Lien orienterte om saka og viste til saksnotat som var sendt ut saman med sakslista, der det er vist til ønske om og behov for å revitalisere forløpsgruppa for Psykoseforløpet. Deltakarane i forløpsgruppa vert oppnemnde for 2 år, og vil i utgangspunktet ha møte to gonger per semester. Det er ønske om å få med representantar for kommunane i denne forløpsgruppa.</p> <p>Vedtak: Samarbeidsutvalet for NH takkar for orienteringa og ber utvalsleiar og sekretær legge fram saka for kommunalsjefgruppa for helse og omsorg og be dei utpeike representant til denne gruppa.</p>
37/21	<p>Prosjekt psykisk helsevern for framtida – invitasjon til deltaking i utviklingsarbeid Geir Lien, rådgjevar div. psykisk helsevern HB orienterte om prosjekt <i>Psykisk helsevern for framtida</i>. Bakgrunn for satsinga er mellom anna grunna i:</p> <ul style="list-style-type: none"> • Helse Bergen HF sin strategiplan set særskilt på tettare samspel somatikk, psykisk helsevern og rus • Fråflytting av KK – opnar opp for å kunne flytte funksjonar frå Sandvikenområdet Haukelandsområdet • Trong for å skissere det framtidige psykiske helsevern

	<p>Prosjektet er delt inn i fem delprosjekt, og utviklinga av tenestetilbodet til denne pasientgruppa må skje i eit samspel med kommunane. HB legg opp til at dialogen med kommunane vil skje gjennom;</p> <ul style="list-style-type: none"> • Bruk av innspelskonferanse som ein arena for dialog • Invitasjon til formell høyring <p>Etter planen vert første innspelskonferanse gjennomført 4.november, knytt til utfordringar ein finn innan psykisk helsevern. Det vil vere viktig å få fram korleis vi saman kan styrke tilbodet til våre felles pasientar. Kommunane i NH kan stille med inntil 10 deltakarar med kompetanse/leiarfunksjon innan psykisk helse og rus i kommunane. Innspel til deltaking vert å melda til Anne Hildegunn Færøy innan 19.10.21.</p> <p>Vedtak: Samarbeidsutvalet for NH takkar for orienteringa og sluttar seg til forslag til prosess for involvering av kommunane i arbeidet.</p>
38/21	<p>Handlingsplan pkt. 2.5 - Digital samhandling</p> <p>Lars Tveit, leiar for Digitalisering og innovasjon i Nordhordland presenterte styringsmodell, struktur, aktørar og døme på gjennomførte, pågåande og aktuelle framtidige prosjekt og fokusområde innan digitalisering og innovasjon for kommunane i Region Nordhordland.</p> <p>Sjå vedlagt presentasjon.</p> <p>Vedtak: Samarbeidsutvalet takkar Lars Tveit for ein flott presentasjon og gjennomgang om struktur, styringsmodell og aktørar knytt til digitalisering og innovasjon for Region NH.</p>
39/21	<p>Pasientsentrert helsetenesteteam (PSHT)</p> <p>Pål Ove Vadseth presenterte tankar om eit mogleg samarbeidsprosjekt under tittelen; <i>Kan pasientsentrerte helsetenesteteam vere ein god idé for vidare samhandling om storbrukarar?</i></p> <p>Initiativet bygger i stor grad på etablering av <i>Pasientsentrert helsetjenesteteam (PSHT) ved UNN</i>.</p> <p>Sjå vedlagt presentasjon.</p> <p>Utvalet takkar for god orientering om eit flott og spanande prosjekt, og viser til at ein treng meir informasjon før ein kan ta stilling til om dette er noko kommunane i NH kan ta del i. Dersom partane skal prioritere ei slik satsing bør det vurderast inn som eit prioritert tiltak i Handlingsplan 2022. Utvalet ønskjer meir informasjon om prosjektet og at det vert vurdert om dette skal leggjast fram som ei sak i neste utvalsmøte.</p> <p>Vedtak: Samarbeidsutvalet for NH takkar for god orientering om eit spanande prosjekt, og ber om meir informasjon om initiativet i neste møte.</p>
40/21	<p>Helse Bergen HF - justering av utviklingsplan 2035</p> <p>Grete Lill Hjartnes gav ei kort orientering om at det i Helse Bergen pågår eit arbeid for å vurdere behov for justeringar i helseføretaket sin <i>Utviklingsplan 2035</i>.</p> <p>Hovudmålet med denne gjennomgangen er å gjere mindre endringar, forkorte og forenkla planen og legge til rette for å gjere planen meir tilgjengeleg og at den skal digitaliserast. Justert plan vil bli sendt på høyring med ein kort høyringsfrist i november.</p> <p>Sidan det er kort tid sidan Utviklingsplan 2035 vart vedteken, har ein vurdert det som lite hensiktsmessig å gjennomføre ein stor og involverande prosess på same måte som i 2017 – 2018.</p> <p>Vedtak: Samarbeidsutvalet for Nordhordland takkar for gjennomgangen og tar saka til orientering.</p>
41/21	<p>Orientering frå partane <u>Haraldsplass Diagonale sjukehus:</u></p> <ul style="list-style-type: none"> - orienterte om arbeid med revisjon av sin utviklingsplan. Arbeidet bygger på Helse Vest sin utviklingsplan, og nasjonal framskrivingsmodell. HDS ønsker å få innspel til utviklingsplanen, og vil i utgangspunktet å ha tilsvarande innspelsrunde som Helse Bergen.

- HDS er ferdig med rehabilitering av sykehuset, nytt scopisenter og økt arealer på sjukehus.

Kommunane:

- Samarbeid om rekruttering av LIS1 legar. Det er mange som ikkje ønsker å jobbe i primærhelsetenesta, og det er et krevjande å rekruttere kandidatar som er motivert til å tenestegjera i region Nordhordland når dei er ferdige i spesialisthelsetenesta.
- Nytt medlem i SU NH frå Modalen kommune. Grethe Fosse er tilsett som ny kommuneoverlege og vil gå inn som kommunen sin representant i samarbeidsutvalet. Ove Sæbø held fram som vararepr. frå Modalen.

42/21

Eventuelt

Tord Moltumyr har meldt inn to saker:

1. E-mestring; dette er ei sak som er meldt inn frå fastlegar i Alver, der det vert reagert på prosess knytt til e-meistringskurs for pasientar. Det er eit bra tilbod, men legane melder at det er utfordrande å bli bedt om å skrive tilvising i etterkant. Legen har gjerne ikkje hatt kontakt med pasienten vedr. det aktuelle. Det er reist spørsmål om dette er rett bruk av fastlegens tid, om honorering for arbeidet og om forhold knytt til samtykke / taushetsplikt mv.

Helse Bergen beklaga at informasjonen i dialogmeldinga kan tolkast på ulike måtar. Dette er fylgt opp og det er utarbeidd eit informasjonsskriv når det gjeld dette tilbodet. Tekst i Dialogmeldinga er justert. Notat frå seksjonen er lagt ved referatet.

2. Anti-D profylakse:

Tord Moltumyr viser til ny praksis når det gjeld Anti-D profylakse til gravide som er RhD-negative og bærer RhD-positivt foster. Han peikar på at ny praksis framstår som ei oppgåveoverføring frå Helse Bergen til kommunane, og viser til at dette er ei overføring av oppgåver må avtalast med kommunane. Vidare peika Moltumyr på at det er fleire uklarheiter rundt ansvarsforhold i saka. M.a. er det uklart om det er helsestasjon eller fastlege som skal følgje dette opp, noko som inneber høg risiko for svikt i tilbodet. Kommunane ber Helse Bergen vurdere saka på nytt. Moltumyr har tatt opp saka opp med Hdir, og ventar på svar på ei rekke spørsmål knytt til denne saka.

3. Samarbeidssekretariatet minner om at alle må sikre at faste- og vararepresentantar i SU er meldt inn til sekretariatet. Viser til [Rettleiar for partane og deltakarane i høve arbeid i samarbeidsutvala](#), som alle kan ha nytte av å gjere seg kjent med.